Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Mo

Emne: Skav Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: O. O. Bergland Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): frå far si röynsle. Han var f. 1833.

SVAR

1. Her vert det helst kalla skrapefor, skogefor og uvant for. (uvant = simpelt, lite verdt.)
2. Her vart det kalla borkefor, men helst skav og beit, ogso risfor.
3. å skava, skjev, skov, hev skave, ha(dde) skave, vil skava
4. I gamal tid brûka dei skav, men berre som hjelpefor. Det vart kalla skav og sumtid bork.
5. Raûn og ospa vart mest brûkt til skav. Alm og lind finst nasten ikkje no; kanskje dei er ûtrûdde ved skaving. Raûn var gjævast, sa dei gamle. Alm og lind nemnde dei ikkje.
6. Har ikkje höyrt noko om det.
7. Kjenner ikkje til det.
8. Skavet vart brûka til kyrne. Dei fekk det i båsen; men saû og geit matte ût i beitekosten.

1372

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1372

Hesten fekk ikkje skav. Skavet vart mykje gjeve ålövne. Det var nok ikkje alt skav krötera likte. Best åt dei raunesskav. Osp og selje var heller ikkje so ille. Om dei brûka skav av andre tre, veit eg ikkje. Når det lid so langt at sevja tek til å gå opp i trea, et dei tollebork svært godt. Sauen gneg då bork av toll om han får nok av anna for.

9. Dei påstod at serleg skav av raun gav både meir og betre mjölk d. v. s. meir rjome og gulare. Om smaken har eg ikkje höyrt noko.

10. Har ikkje höyrt noko om det; men trûleg passa dei på å taka skav-veda til hûset og. Hesjeved har aldri vore brûka her i bygda. Hesjor vart ikkje brûka her fyrr det kom linor og tråd, omlag 45 år sidan.

11. Dei sa: Å henta skav.

12. Dei sa anten skav eller skavved, ogso skav-vea, lang e.

13. Ordet marka er ûkjent her. Då her er lite mose, er det trûleg at han har vore lite nytta til for. Har aldri höyrt det. Å sanka lauv vert kalla: å lauve. Der dei tek lauvet, vert kalla: lauving. Var det mykje av lauv heitte det: god lauving; var det lite

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2

heitte det klen lauving. Det same vert sagt no og.
14. Skavet vart vel helst brúka om våren, i vårknipa. Det med langfredag har eg aldri höyrt för.
15. Med skavinga heldt dei til úte på tunet, helst ved vedskjölet.
16. Var det stor veda, brúka dei ein breid kniv med skaft i båe endar. Den vart kalla skavkniv. Skov dei greiner og granne kjeppar, brúka dei tollekniven. Skavkniven var laga serskilt for skaving. Tynsleljåane vart haldne for å vera sers kvasse og gode til bitjörn. Det vart brúka mykje krivar av tynsleljå.
17. Eg kan diverre ikkje svara noko på dette. Skav har visst aldri vore större brúkt i Skafså avdi her er sers store og gode útslåttar, og arbeidsfolk var her nögda av i gamal tid. Skavhal har eg höyrt; men aldri höyrt kva han vart brúka til, og heller ikkje sett han.
18. Har aldri höyrt noko om dette. Ordet skavhal har eg som ovanfor sagt, höyrt; men det er ogso alt.
19. Kan ikkje svara på dette heller. Skavkniven heldt dei med ei hand i kvart skaft og so drog dei han til seg når dei skov. Var det smale kjeppar, brúka dei tollekniven


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1372

eller sliteniven som vi seier her, og då drog dei kjeppen fram og attende under kniven.

20. Det heitte skavved; men var det smalt, var det skavkjepp eller -stav.

21. Den avskorne borken vart kalla skav; Skavblokke har eg ikkje höyrt, men småskav.

22. Store tre vart ikkje brúka til skav. Det var mindre tre 6-7 tum. i tvermål. Greinene vart skavne. Skavveden var mykje lenger enn brenneveden.

23. Skjevil og skjevling har eg höyrt, men ikkje dei andre namna. Fl. t. skjevilar, skjevlingar. Dei tykke vart kalla kubb. Ein skjevil eller skjevling var smal, grande, seier vi her i Skafså.

24. Skavet skulde takast inn til veden, ikkje lenger. At sume var mykje skjotare enn andre til å skava, er nok visst; men at sume fekk betre skav har eg ikkje höyrt.

25. Skavveden vart nok helst brúka i skorsteinen som i den tia var i bruk over alt her i bygda, både i store og små stovor, både hjå rike og fatike.

26. Skav vert ikkje brúka til for her i bygda no. Eg kan ikkje hugsa at skav vart brúkt til for, og eg hugsar då 60 år attende. Truleg er det minst 80 år, kanskje 100 sidan skav vart brúka til for som var å rekna då. Det var både lettare og billigare å slå for i utslåttone.

1372
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING